

ÅRSMELDING FOR HARAM VENSTRE 2011

2011 såg ei stund ut til å bli eit val i Haram utan at Venstre stilte liste av to grunnar. Dei to som var inne i kommunestyret frå Venstre fann å måtte takke for seg etter to periodar, samstundes som det syntes vanskeleg å få andre inn på ei venstreliste.

Einar Dørum og seinare Helge Hamre arbeidde for å samle nok folk til ei liste, noko som etter kvart lukkast. Lista vart slik : 1 Ole Johan Høyberg, 2 Kristian Stråmyr, 3 Thomas Vadset, 4 Geir Atle Sæth, 5 Ole Petter Klokset, 6 Norunn Wuttudal, 7 Nils Edmund Stråmyr, 8 Greta Katrin Tennfjord

Eit årsmøte 16. mai gav dette resultatet : Ole Johan Høyberg – Leiar, Kristian Stråmyr – sekretær, Norunn Wuttudal – kasserer, Thomas Vadset - styremedlem, Geir A Sæth – styremedlem .

Kommunestyret skulle i valperioden 2011 -2014 reduserast frå 37 til 31, slik at vi ikkje rekna med at vi fekk inn meir enn ein representant ved kommunevalet. Dette lukkast vi med. Høgre, Krf og Frp utgjorde 15 representantar i kommunestyret, det same gjorde Ap, UvH og Sp. Venstre kom soleis i ein vippeposisjon. Allereie før valet hadde vi støtta den sitjande ordføraren frå Høgre. Ein fann det soleis naturleg å gå inn i eit formelt samarbeid med denne konstellasjonen H,Krf,Frp. Frå Høgre vart vi invitert til eit samarbeid og i formannskapet, der Venstre vart 1. vara for Høgre representantane. Formannskapet vart slik: Hø 3, Frp 1, Krf 1, UvH 1, Sp 2, Ap 1

No viste det seg diverre at ordfører Sandnes vart sjuk tidlig på hausten. Frp ved Svein Harsjøen, som hadde varaordførarstillinga har til no fungert som ordfører. Venstre ved Ole Johan Høyberg har vore på alle formannskapsmøta i denne valperioden frå hausten 2011.

Kristian Stråmyr er med i Komité for plan og utvikling, Thomas Vadset i Kulturkomiteen og Ole Johan Høyberg i Komité for kommunal tenesteyting.

ERFARING TIL NO: Ut frå stemmetalet Ve fekk må me vere nøgd med posisjonen og situasjonen så langt. Underteikna har inga politisk røynsle, og må difor sette av tid til læring, lytting og relasjonsbygging mellom dei ulike partia.

Komiteane har berre så vidt byrja å arbeide. KKT skal rullere rusmiddelplanen i kommunen.